

Referat frå styremøte i Vats Grendautval

Torsdag 14. juni i Vindafjordhallen kl. 19.30

Desse møtte: **Kristin Ove Skare, Anne Nesheim, Jon Olav Velde**
(**Hilde Fadnes Hølland, Severin Fatland og Alf Egil Vaula kunne ikkje møta**) **Varamedl. kunne heller ikkje møta.**

Sak 1. Reguleringsplan for sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus.

Jon Olav var på sitt 2. møte 21. mai med Statens vegvesen og Vindafjord kommune der reguleringsplanen for sykkel og gangstien frå Knapphus til Kårhus vart drøfta. Frå Vindafjord kommune møtte Sissel Årvik og Hildebjørg Fludal og frå Statens vegvesen møtte Bjarte Børtveit.

Jon Olav orienterte om hovudtrekka frå møtet:

- a. Børtveit meinte at sykkel- og gangstien bør liggja på vestsida av vegen frå Tors Kolonial nedanfor Knapphuskrysset og ned til avkjørsla til Vindafjordtunet ved Kårhus.
- b. Børtveit vil vidare undersøka og finna ut kva for grunnundersøkingar som er gjort tidlegare om vegstandaren nedover frå Knapphus til Kårhus med tanke på arbeidet med sykkel- og gangstien nedover når den tid kjem.
- c. Vindafjord kommune vil lysa ut anbud på pris på reguleringsplan for sykkel- og gangsti for denne vegstrekninga.
- d. Målet er å få mykje av dette avklart til medio november 2012.

Det var eit positivt møte – alle meinte at dette var ein vegstrekning som har hatt stor trafikkauke gjennom fleire år p.g.a. stor og aukande aktivitet i området.

Sak 2. Fellesmøte for alle grendautvala i kommunen med ordførar og rådmann.

Frå Vats Grendautval møtte desse: Sverin Fatland, Magne Skrunes, Kristin Ove Skare og Jon Olav Velde.

Me syntest at altfor mange grendautval uteblei frå dette møtet.

Orientering frå møtet:

a. Økonomi.

Rådmannen ville styrka økonomien til drifta av utvala. Det er sett av 40 000 kr til dette arbeidet. Etter søknad kan grendautvala få dekkja sine faktiske utgifter.

b. Vedtekter for utvala.

Rådmannen vil utarbeida vedtekter for utvala slik at alle får like retningslinjer/kriterier å halda seg etter. Dei utvala som sjølv har laga slike vedtekter/reglar kan senda desse inn til rådmannen slik at han kan sjå på desse.

c. Fellesoppgaver.

Ordføraren såg på grendautvala som viktige medspelerar i arbeidet med å få fram viktige saker i dei ulike bygdene. Han trekte bl.a. fram dette med mobildekning og Altibox. Det er dårleg dekning fleire stader i kommunen. Her kan grendautvala vera med og trykka på for å få noko gjort.

c. Veg- og gatenamn.

Berit Hetland som er prosjektleiar for dette, orienterte om kva som er gjort og om retningslinjer og føringar for slikt arbeid. Ho fortalde at ein god del var gjort i både gamle Ølen og gamle Vindafjord kommune før samanslåinga. Ho vil sjå nærare på dette som er gjort.

Deretter vil ho senda grendautvala kart og sakspapir om det som er gjort i dei gamle kommunane før samanslåinga.

3. Veg- og gatenamnprosjekt i kommunen.

Grendautvalet har drøfta tilsendte sakspapir om ”Prosjekt adressering 2012 - 2014” + gått gjennom ein del av det som tidlegare er gjort i gamle Vindafjord kommune i sak 66/95 den 27.06. 95 om namneforslag – spesielt i Vats.

Veg- og gatenamnprosjektet er omfattande og vil gi utvala utfordringar - dei treng god tid til å drøfta dette på ein skikkeleg måte. Difor vil me koma attende til dette i eige møte etter sommarferien – gjerne saman med prosjektleiaren.

Det er mange omsyn å ta før dette arbeidet er i hamn.

Sidan så få kunne møta på dette møtet, gjekk me ikkje grundig inn i ”materien”, men Jon Olav refererte dei namna som namnenemnda i tidl. Vindafjord kommune hadde sett av i Vats utan å gå djupare inn i drøftinga om desse.

Han refererte kort om saksgangen i prosjektet:

Prosjektet omfattar dette:

- a. Adressering av hus og eigedommar i heile kommunen – arbeidsperiode 2012 - 2014.
- b. Mange utfordringar med val av namn på gater og vegar – det er føringar for slikt arbeid.
- c. Ein del er allereie gjort i gamle Ølen og Vindafjord kommunar før samanslåinga. Jfr. sak 66/95 den 27. juni 1995 i gamle Vindafjord kommune.
- d. Kommunen har oppnemnd ei prosjektgruppe på 3 personar: 1 leiar (Berit Hetland) + 2 frå teknisk avdeling. Desse skal gå gjennom lovar og reglar for slikt arbeid. Dei vil gå gjennom det som er gjort før og halda god kontakt med grendautvala + evt. med lag og enkeltpersonar.
- e. Kommunalteknisk teneste skal få laga namneskilt og nr. og setja opp desse og halda skilta vedlike.
- f. Kommunen må samarbeida med nabokommunar når det gjeld namn og nr. på fellesvegar som går gjennom kommunane - dette for å få eit lett og forståeleg adressesystem. Jfr. E 134 – kva namn skal denne vegen få frå grensa med Tysvær ved Hodnafjellet og til grensa med Etne på Fikse, og kva nr. skal husa langs denne vegen få?

g. Framdriftsplan:

1. Oppretta adresseparsellar – tildeling av kodar og registrering
2. Val av veg- og gatenamn – og få rett skrivemåte av desse.
3. Veg- og gatenamna blir oversendt til Stadnamntenesta (SNT) og Kartverket for uttale.
4. Namneforslaga må ut på høyring.
5. Tildeling av adressenr.
6. Utarbeida skiltplan og skilting.

4. Høyringsdokument – Arealdelen til kommuneplanen – endeleg plassering av låssettingsplasser og fiskeri.

Dette dokumentet kunne me ikkje handsama med så få medlemmer tilstades.

Vedtak:

Ingen kommentar til dette høyringsdokumentet..

5. Vatsvassdraget – kva skjer?

Prosjektgruppa arbeider aktivt på ulike plan. med å kartleggja og betra vasskvaliteten i vassdraget.

Prosjektgruppa har hatt fleire møte.

Grendautvalet er svært fornøgd med aktiviteten i gruppa og har von om at arbeidet vil gi resultat på sikt.

Kort ref. frå møtet i prosjektgruppa den 31. mai 2012:

- a. 27 grunneigerar/eigedommar som utgjer 3200 dekar dyrka og 2100 dekar beite er med i prosjektet.
- b. Opprensning og rydding i Åmselva frå Kårhusbrua og sørover er under arbeid. Trea er hogde ned langs elvekanten og fjerna. Bjarne Nesheim vil etter 1. slått reinske litt i elva med gravemaskinen for å få lettare gjennomstrøyming av vatnet..
- c. Vassprøvar i elvane blir tekne ved ulike vertilhøve og sende til NIVA for analyse. Resultata frå prøvane kjem prosjektgruppa attende til.
- e. Det blir prosjektert minst to og kanskje tri reinseparkar med det fyrste.
- f. Aksjonsgruppa ynskjer å utfordra forsøksringen til å arrangera ein fagdag der skjøtsel langs vassdrag, ha reinseparkar og rett gjødsling blir tema.
- g. Akjsjonsgruppa arbeider med å finna løysingar for å betra oksygentilførselen til Landavatnet med å leggja slange/røyr frå bekk til langt ut i Landavatnet. Det blir søkt om SMIL-midler til dette prosjektet.

Øvre Vats 14/6 – 12

Jon Olav
-leiar/skrivar-